

Pers Hotell - særmerkt og vellykka

Den 8. juli i 1964 vart Pers Hotel innvigd med ein stilfull fest for omlag 100 gjester.

Under festmiddagen vanka det mykje godord til vertskapet, Oline og Per Herbrand Rustberggard. Her litt av blomane som vart bore fram:

- Pers er eit uvanleg hotell som det blir snakka mykje om.

- Dette er eit av dei mest særprega hotella i Noreg.

- Eit vellykka hotell med all sin komfort, men likevel i pakt med god, norsk byggetradisjon.

- Pers kan tene som eit mønster for andre.

Det særmerkte hotellet er skapt av arkitektparet Friis, og det var ingen lett oppgåve å laga teikningar. På grunnlag av det gamle ungdomsherberget, der Rustberggard



tok imot reisande, dreiv kafe og snackbar skulle det skapast eit moderne hotell.

Stortingsmann Lars Leiro helsa frå Distriktenes Utbyggingfond. - Då me hadde synfaring i samband med planane om eit nytt hotell på Gol, var me nok av den meining at her ville me møte ein mann som gapa noko for høgt. Men Rustberggard

overtydde oss raskt om at han var ein mann som ville skapa noko. Pers skulle vera eit moderne hotellbygg, men likevel vitne om tradisjon, stil og kultur, noko som turistane ville setja pris på. Rustberggard inngav tillit. Her satsa DU på mannen, sa Lars Leiro.

Den danskfødde arkitekten Mogens Friis syntes at

det som var skjedd, var ikkje mindre enn fantastisk. Friis kom inn i prosjektet reint tilfeldig; det var ein målarmeister som fortalde meg at han kjende eit hyggeleg ektepar på Gol som ville pusse opp kafeteriaen sin. Og resultatet av denne opp-pussinga vart altså Pers Hotel.

Ekstra hyggeleg var det at prinsesse Ragnhild fru Lo-

rentzen og skipsreiar Erling Lorentzen kunne vera med på opningsfesten. Lorentzen og Rustberggard vart vener for livet under krigen.

På biletet ser me frå venstre prinsesse Ragnhild fru Lorentzen, Per Herbrand Rustberggard, Oline Rustberggard og Erling Lorentzen.

► SIGBJØRN TORMODSGARD